

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Vassbakk & Stol AS
Postboks 63
4291 KOPERVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/3672 - 20/20521

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
22.04.2020

Mellombels løyve til rubbhall og avfall - gbnr. 322/236 Mjåtveit

Tiltak: Rubbhall og avfall
Byggjestad: Gbnr: 322/236
Tiltakshavar: Vassbakk & Stol AS
Ansvarleg søkjar: Vassbakk & Stol AS

Saka gjeld

Alver kommune syner til mellombels løyve til etablering av ein rubbhall på eigedommen dykkar med gbnr. 322/236 – Mjåtveit Næringspark.

Vi viser til dykkar dispensasjonsøknad av 15.10.2014, dykkar søknad om tillatelse til tiltak av 16.10.2014 og til tidlegare Meland kommune sitt vedtak av 12.02.2015 i sak 14/4036, der kommunen i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 gav løyve til «oppføring av mellombels lagerhall på betongflate med spyleplass i betong framfor hall». «Løyvet gjeld midlertidig i 3 år frå kommunen gjev ferdigattest eller mellombels bruksløyve, jf. dispensasjonsvedtak av 02.12.2014». Ferdigattest etter plan- og bygningslova § 21-10 vart utferdiga den 18.08.2016.

Det mellombels løyvet er gått ut

Det mellombels løyvet til rubbhallen er ikkje lenger gyldig. Vi er gjort merksame på at rubbhallen fortsatt står på eigedommen dykkar. Vi ber dykk difor gjere rede for framtidige planar for tomten. I dispensasjonssøknaden dykkar av 15.10.2014 skriv de at de «har til hensikt å bygge ut tomten med permanente bygninger for bruk til egen næringsvirksomhet». Då rubbhallen no står ulovleg plassert på eigedommen, ber vi om at den vert fjerna snarast mogleg.

Vi er også gjort merksame på at det rundt rubbhallen ligg ein del gjenstander som framstår som skrap og som er skjemmande for omgjevnadane. Etter forurensingslova § 28 første ledd må ingen tømme, etterlate eller oppbevare avfall slik at det kan «virke skjemmande eller være til skade eller ulempe for miljøet». Det er den som har overtrådt dette forbodet, som skal rydde området, jf. forurensingslova § 28 tredje ledd.

Kommunen ber i første omgang om ei utgreiing om tilhøva.

Vi ber om ei tilbakemelding så snart som mogleg og seinast innan fristen til e-postadresse eller pr.. post til:

- post@alver.kommune.no
- Alver Kommune, postboks 4,5906 Frekhaug

Frist for tilbakemelding vert sett til **25.05.2020**.

Aktuelt regelverk

Plikt til å redegjere for det utførte tiltaket følger av plan- og bygningslova § 31-7.
Forbod mot forsøpling og opprydding av avfall følgjer av forurensingslova § 28.

Har de spørsmål eller vil ta kontakt med oss?

Dokumentasjon og skriftleg kontakt i saka skal sendast til post@alver.kommune.no.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamer på telefon 5637 5000.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Vassbakk & Stol AS

Postboks 63

4291

KOPERVIK